

## Vedlegg 1: Oversikt over nye kulturmiljø av regional interesse i 2024

Kulturmiljøa som er lista opp her, er anten nye eller endra kulturmiljø av regional interesse, vurderte i 2023 og 2024. Forslaga er ein oppfølging av handlingsprogrammet til regionalplan for kulturmiljø, og tiltaket «Vurdere og inkludere kulturmiljø av regional interesse i Sandnes kommune». Dette fordi kulturmiljø i Sandnes kommune ikkje var del av oversikten som vart vedteken i 2023.

Oversikten er på høyring, med høyringsfrist **31.januar 2025**. Meir informasjon om høyringa på våre nettsider.

Kulturmiljøa i Sandnes kommune er valde blant ei mengde miljø som er ført opp i kulturmiljøregisteret til Sandnes kommune, og utgjer ei komplett oversikt over kulturmiljø av regional interesse i gamle Sandnes kommune. Sandnes kommune arbeider med ei oversikt over kulturminne i Forsand og Lysefjorden, og det er difor førebels få kulturmiljø i gamle Forsand kommune i oversikta. Eit supplement til desse kulturmiljøa i Forsand kan difor først vere aktuelt på eit seinare tidspunkt.

I tillegg har fylkeskommunen vurdert 26 forslag til nye kulturmiljø, mottatt frå ulike aktørar under høyringa av regionalplan for kulturmiljø våren 2023. Det var særleg Eigersund, Sokndal og Lund kommune og musea i Rogaland som kom med fleire forslag til nye kulturmiljø.

Informasjon om kulturmiljøa med skildring, vurdering, kart og bilete er tilgjengeleg i [Temakart-Rogaland](#).

Forslag til nye kulturmiljø går fram av tabellen nedanfor, og kjem i tillegg til oversikta over kulturmiljø som vart vedteken av fylkestinget 13. juni 2023, sak 77/2023.

Forklaring til tabellen:

Opphav: Kva aktør som har foreslått miljøet, eller om det er frå kulturminneregisteret til Sandnes kommune.

Tema: Kvart miljø representerer eit utvalt tema som er særleg viktig i Rogalands historie.

ID: Kvart miljø har ein unik id i Temakart-Rogaland.

## Nye kulturmiljø av regional interesse:

Kommune	Namn	Opphav	Tema	ID
Eigersund	Koldal gruver	Eigersund kommune	Industri og næring	116
Eigersund	Ankerhus gruver	Eigersund kommune	Industri og Næring	105
Eigersund	Svånesviga	Eigersund kommune	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart	108
Eigersund	Egersund batteri – Stapnes kystfort	Egersund kommune	Krig og konflikt	11
Haugesund	Museumsgarden på Ørpetveit	Regionmusea	Landbruks- og kulturlandskap	110
Haugesund	Skjoldavegen	Fortidsminneforeininga	Busetting, by og tettstadsutvikling	118
Hå	Kvernhusa på Fuglestad	Regionmusea og Dalane folkemuseum	Landbruks- og kulturlandskap, industri og næring	114
Lund	Kongevegen over Skydalsheia	Lund kommune	Samferdsel og kommunikasjon	112
Lund	Førland	Lund kommune	Landbruk og kulturlandskap	113
Sokndal	Nordfjord	Sokndal kommune	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Landbruk og kulturlandskap, krig og konflikt, samferdsel og kommunikasjon	109
Stavanger og Sandnes	Oljeindustriens kontoranlegg på Forus	Norsk Oljemuseum	Industri og næring	117
Sandnes	Kallali	Kulturminneregisteret i Sandnes	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Landbruk og kulturlandskap	54
Sandnes	Høyland kirkested	Kulturminneregisteret i Sandnes	Tradisjon og religion, Krig og konflikt	55
Sandnes	Roald Amundsens gate	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	56
Sandnes	Buddegården	Kulturminneregisteret i Sandnes	Landbruk og kulturlandskap, Administrasjon fellesskap makt og demokrati	58

Kommune	Namn	Opphav	Tema	ID
Sandnes	Grina vannverk og Storaberget	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring, Krig og konflikt	59
Sandnes	Trones skole	Kulturminneregisteret i Sandnes	Administrasjon fellesskap makt og demokrati	60
Sandnes	Julebygda	Kulturminneregisteret i Sandnes	Tradisjon og religion, Landbruk og kulturlandskap	61
Sandnes	Norestraen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	62
Sandnes	Flørli	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring	63
Sandnes	Kulturlandskap med Hamre, Bersagel og Eskeland	Kulturminneregisteret i Sandnes	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Landbruk og kulturlandskap, Administrasjon fellesskap makt og demokrati, Samferdsel og kommunikasjon, Industri og næring	64
Sandnes	Apalstø	Kulturminneregisteret i Sandnes	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Industri og næring, Administrasjon fellesskap makt og demokrati, Samferdsel og kommunikasjon	65
Sandnes	Imsavika	Kulturminneregisteret i Sandnes	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Landbruk og kulturlandskap, Samferdsel og kommunikasjon	66
Sandnes	Fløysvikbakk en og Auglendbakk en	Kulturminneregisteret i Sandnes	Landbruk og kulturlandskap	67
Sandnes	Støttepunkt Heigre	Kulturminneregisteret i Sandnes	Krig og konflikt	68
Sandnes	Håholen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Krig og konflikt	69
Sandnes	Vatneleiren	Kulturminneregisteret i Sandnes	Krig og konflikt	70
Sandnes	Skippergata og Fogdahuset	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	71
Sandnes	Nedre Espedal	Kulturminneregisteret i Sandnes	Landbruk og kulturlandskap	74

Kommune	Namn	Opphav	Tema	ID
Sandnes	Lauvåsvågen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart	76
Sandnes	Nordvik Uskakalven	Kulturminneregisteret i Sandnes	Landbruk og kulturlandskap, Kystkultur fiskeri handel og sjøfart	77
Sandnes	Stemmen og Krossen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling, Tradisjon og religion	78
Sandnes	Kvern- og tørkehusanlegg ved Frøylandsåna	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring, Landbruk og kulturlandskap	79
Sandnes	Sviland kraftanlegg	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring	80
Sandnes	Figgjo trikotasjefabrikk og Ålgårdbanen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring, Samferdsel og kommunikasjon	81
Sandnes	Vagleiren	Kulturminneregisteret i Sandnes	Administrasjon fellesskap makt og demokrati	82
Sandnes	Villaer Brueland	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	83
Sandnes	Leanuten	Kulturminneregisteret i Sandnes	Krig og konflikt	84
Sandnes	Somahaugen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Krig og konflikt	85
Sandnes	Tronsholen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring	86
Sandnes	Stangeland mølle og boliger nord for Postveien	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling, Samferdsel og kommunikasjon, Industri og næring	87
Sandnes	Kvartalsbyen s sentrum med Nygårdsbrukene	Kulturminneregisteret i Sandnes	Administrasjon fellesskap makt og demokrati, Samferdsel og kommunikasjon, Industri og næring, Busetting by- og tettstadutvikling	88
Sandnes	Villastrøket Skolten i forlengelsen av kvartalsbyen sentrum	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	89

Kommune	Namn	Opphav	Tema	ID
Sandnes	Gamle Vågsgjerd	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	90
Sandnes	Kaien på Neset	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring, Samferdsel og kommunikasjon	91
Sandnes	Leirbanane i Sandnes	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring	92
Sandnes	Dale Asyl	Kulturminneregisteret i Sandnes	Administrasjon fellesskap makt og demokrati	93
Sandnes	Skeiane	Kulturminneregisteret i Sandnes	Administrasjon fellesskap makt og demokrati	95
Sandnes	Industriområdet Vågen	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring, Busetting by- og tettstadutvikling	96
Sandnes	Stangelandslunden	Kulturminneregisteret i Sandnes	Industri og næring, Busetting by- og tettstadutvikling, Samferdsel og kommunikasjon	97
Sandnes	"Polen" og Somaneset båtstøer	Kulturminneregisteret i Sandnes	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Samferdsel og kommunikasjon	99
Sandnes	Villastrøket rundt Hogstadbakken	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	101
Sandnes	Villakvartalen ø sør for Oalsgata	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	102
Sandnes	Bygningsmiljø ved Tronesveien	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling, Samferdsel og kommunikasjon	103
Sandnes	Villakvartala bak sentrum	Kulturminneregisteret i Sandnes	Busetting by- og tettstadutvikling	104

### Endra kulturmiljø

Kommune	Namn	Kjelde	Kommentar	ID
Eigersund	Auglend og Søre Eigerøy	Eigersund kommune	Kulturmiljøet Auglend vandringshamn er utvida for å inkludere større deler av kulturlandskapet og kystlyngheia i det	107

Kommune	Namn	Kjelde	Kommentar	ID
			statleg sikra friluftsområdet sør på Eigerøy.	

## Vurderte innspel som ikkje vert foreslått innlemma i oversikta

Tabellen under inneholder kulturmiljø som ikkje skal inkluderast i oversikta. Dette er kulturmiljø fylkesdirektøren har fått innspel om under høyringa av regionalplanen for kulturmiljø i 2023, men som av ulike årsaker ikkje er vurdert som heilsakaplege kulturmiljø av regional interesse. I tabellen nedanfor blir det gitt ei vurdering/grunngjeving av dette for kvart enkelt forslag.

I kulturminneregisteret til Sandnes er det mange kulturmiljø som Sandnes kommune har vurdert som kommunalt verneverdige, men som fylkesdirektøren ikkje vurderer til å vere kulturmiljø av vesentleg regional interesse. Desse miljøa er ikkje kommenterte einskildvis.

Kommune	Namn	Grunngjeving
Bokn	Røykstove og eldre gardshus samt kvern på Laupland på Bokn	Innspel frå Regionmusea. Laupland vart vurdert i det innleiande planarbeidet, men blei tatt ut på grunn av at tunnelopninga til Rogfast vil gå gjennom garden og den heilsakaplege verdien til miljøet vil bli redusert. Dei einskilde bygga og strukturar har verneverdi. Miljøet er ikkje tatt med som nytt kulturmiljø av regional interesse på bakgrunn av dette.
Eigersund	Skadberg og Myklebust	Eigersund kommune har føreslått å utvide «Skadbergstronda» til å ta med gardstun, kulturlandskap og naustmiljø på Skadberg og Myklebust. Fylkesdirektøren har synfart området, og vurderer at Skadberg og Myklebust er et interessant område, men at de mest kulturhistorisk interessante og godt bevarte bygga er naustmiljøet i Skadbergstranda, som alt er ivaretatt som kulturmiljø. Miljøet er ikkje tatt med som nytt kulturmiljø av regional interesse på bakgrunn av dette.
Eigersund	Kjervald, Imeseid og Støla	Innspel frå Dalane folkemuseum. Kjervald, Imeseid og Støla er tre fråflytta heiagardar i

Kommune	Namn	Grunngjeving
		<p>heiene sør for Helleland. Tidlegare var det mange garder og husmannsplassar i området, men dei fleste er fråflytta. De har alle eldre hus og er godt bevarte tun. Mellom gardane gjekk det ferdsselsveier.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at de er tre enkeltståande garder, og ikkje er del av eit større samanhengande miljø.</p> <p>Kjervald, Imeseid og Støla er del av undersøkingsområdet for Norge mineraler i Eigersund. Det er viktig at gardene blir vurdert som del av ein større konsekvensutredning i området. Fylkeskommunen gjennomfører ein stor kulturminnekartlegging av arkeologiske kulturminne i planområdet.</p>
Egersund	Eldre postvegar i Dalane	Innspel fra Dalane folkemuseum. Dei eldre postvegane i Dalane er interessante, og fleire av dei særleg godt bevarte traseane er markert som vegminner i temakart-Rogaland. Både kulturmiljøet elgstraum-Hølen-Ørsland og det nye kulturmiljøet Skydalsheia er knytt til postvegnettet. Vurdering og innlemming av veganlegg i heile Rogaland som del av oversikta kan bli vurdert i ein framtidig rullering.
Karmøy	Derikhuset på Hillesland	Innspel fra regionmusea. Derikhuset er eit godt bevart våningshus oppført rundt 1840. Det er eit godt bevart hus med stor verdi, men er ikkje del av eit større kulturmiljø. Miljøet er ikkje tatt med som nytt kulturmiljø av regional interesse på bakgrunn av dette.
Lund	Jernvinneanlegget på Tagholt	Innspel fra Dalane folkemuseum. På Tagholt er eit særleg stort jernvinneanlegg frå førhistorisk tid. Anlegget er undersøkt og delvis grave ut av arkeologisk museum i 1987 og 1996. Anlegget er kulturhistorisk viktig, og viser innsatsen som det var behov for å drive jernframstilling i førhistorisk tid. Fylkesdirektøren vurderer at dette i større grad er to enkelte kulturminne heller enn eit større samanhengande kulturmiljø. Anlegget er sikra gjennom kulturminneloven.
Sandnes	Lysebotn kraftstasjon	Innspel frå Norges museumsforbund. Lysebotn kraftstasjon er Norges første kraftverk bygd i fjell, og er kulturhistorisk interessant, og kan potensielt vere del av eit større kulturmiljø som inkluderer fleire av kulturminna frå Lyse-utbygginga. Krafthistoria er ein del av grunnlaget for at heile

Kommune	Namn	Grunngjeving
		<p>Lysefjorden er registrert som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Anlegget er per 2024 ikkje nærmere vurdert av Sandnes kommune som kulturmiljø. Sandnes kommune gjennomfører ein vurdering av kulturmiljø og kulturminne i Lysefjorden, og har fått støtte frå fylkeskommunen til dette arbeidet gjennom støtteordning til utviklingsprosjekt på kulturmiljøfeltet. Vurdering av kraftverket blir utsett til Sandnes kommune har gjennomført dette prosjektet.</p>
Sokndal	Rosland til Barstad	<p>Innspel frå Dalane folkemuseum. I området mellom Rosland til Barstad er det bevart fleire kulturminne og stadnamn frå førhistorisk tid. På Rosland blei «Roslandsguden» funne, og det er eit førhistorisk alter her, Pinkestinen og «Trollkirka». På Barstad har Dalane folkemuseum ein av dei få bevarte fasgardsløene i Rogaland og i området er det mange stadnamn knytt til Frøydyrking, så som Frøyholmen, Frøyåkeren med meir.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at dette er fleire viktige og interessante kulturminne, men vurderer at dei ikkje er del av eit samanhengande kulturlandskap/kulturmiljø.</p>
Sokndal	Utviding av Rekefjord	<p>Sokndal kommune og Eirik Gottfredsen har sendt innspel om å utvide avgrensinga til kulturmiljøet Rekefjord øst til og å omfatte Rekefjord vest, der det blant anna er ein rekefabrikk, fleire sildekummar og andre kulturminne frå dei siste hundre åra. Fylkesdirektøren har vurdert området og vore på synfaring med Sokndal kommune. Sildekummane og Rekefabrikken er interessante kulturminne, men er til dels ombygde eller skjulte. Kulturmiljøverdiane på vestsida av Rekefjord er vurderte til å være lågare og mindre lesbare enn kulturmiljøet på austsida av fjorden. Miljøet er ikkje tatt med som utvida kulturmiljø av regional interesse på bakgrunn av dette.</p> <p>Mellan Rekefjord og det føreslegne kulturmiljøet i Nordfjord ligg steinbrotet Rekefjord stone, som vurderer å utvide verksemda og dagens brotgrense. På grunn av dette har både lokalbefolking og kommune særleg ynskja ei vurdering av kulturmiljøet på vestsida av fjorden. Problemstillinga som vert reist er om ei utviding av miljøet vil sette grenser for utviding av</p>

Kommune	Namn	Grunngjeving
		<p>steinbrot, og om ei slik utviding av kulturmiljøet vil vere konfliktfylt. Fylkesdirektøren vurderer at ei utviding av steinbrotet kan vere konfliktfylt for det eksisterande kulturmiljøet på austsida av fjorden sjølv om kulturmiljøet ikkje blir utvida mot vest. Rekefjord Stone er svært synleg frå kulturmiljøet i Rekefjord aust i dag, og ei slik utviding vil kunne auke denne verknaden. Det vil vere nødvendig med ei grundig konsekvensutgreiing for å avklare dei kulturmiljøfaglege spørsmåla og konflikt med kulturmiljø-, natur- og andre verdiar i området. Fylkesdirektøren vil delta i ein slik prosess i tråd med fylkeskommunens ansvar som regional kulturmiljømyndighet. Oversikten over kulturmiljø av regional interesse skal ikkje definere avgrensing av steinbrot eller andre verksemder, men peike på viktige kulturmiljøinteresser.</p>
Stavanger	Oljeberget/Slåtthaug	<p>Innspel frå Norsk Oljemuseum. På Slåtthaug ligg det eit bustadfelt som framleis ber namnet "Oljeberget" på folkemunne. Fleire av bustadane her blei bygde for oljeselskap i 1966 som bustader for tilsette. I dag er mange av husa sterkt ombygde frå opphavleg stil. På grunn av dei store endringane er «Oljeberget» ikkje vurdert som eit kulturmiljø av regional interesse, men som ei viktig historie om oljeperioden i Rogaland.</p>
Stavanger	Kolonihagane	<p>Innspel frå fortidsminneforeininga. Kolonihagane i Stavanger representerer ei viktig historie om tilrettelegging for hagebruk i ein periode då færre i byane hadde eigen hage. Alle kolonihagane er markerte som del av «trehusbyen Stavanger» i Riksantikvarens register over kulturmiljø av regional interesse. Stavanger kommune vurderer for tida denne avgrensinga, og ei vurdering av kolonihagane som eigne kulturmiljø av regional interesse kan vera aktuelt etter at dette arbeidet er ferdig.</p>
Stavanger	Skråtårnet i Jåttåvågen	<p>Innspel frå Norsk Oljemuseum. Skråtårnet i Jåttåvågen er eit einskildminne av svært stor verdi, det ligg i det tidlegare industriområdet Jåttåvågen, der blant anna fleire betongunderstell «Condeep» til plattformer er bygde. Dette representerer ingeniørkunst av internasjonal klasse, og har svært stor verdi. Utanom Skråtårnet og einskilde ankerpunkt er det få bevarte kulturminne, og det er lagt til rette for utstrakt utbygging av bustad og kontor. Derfor</p>

Kommune	Namn	Grunngjeving
		vurderer fylkesdirektøren at Jåttåvågen ikkje utgjer eit større samanhengande kulturmiljø.
Stavanger	Ullrigg test center	Innspel frå Norsk Oljemuseum. Oljeboretårnet Ullrigg er ein del av Ullrigg Test Center. Her blir ulike metodar innanfor boring og brønnverksemد testa i eit fullskala anlegg før det eventuelt blir anvendt på installasjonar til havs. Ullrigg er eit markant anlegg godt synleg frå fleire sider, og utgjer ei tydeleg påminning om at Stavanger er oljebyen. Fylkesdirektøren vurderer det likevel slik at Ullrigg ikkje utgjer eit samla større miljø, men er eit einskildminne.
Strand	Helleristningane på Solbakk	Innspel frå Strand kommune. Helleristningane på Solbakk er eit godt bevart helleristningsfelt ved sjøen på Solbakk ved Strand. Feltet er skilta og blir formidla av fylkeskommunen, og er blant anna del av ny pilot for digital formidling av bergkunst. Kulturminnet ligg i eit ope område nedanfor eit bustadfelt, og fylkesdirektøren vurderer at helleristningane ikkje er del av eit større kulturmiljø, men dei har likevel svært høg verdi som kulturminne, og er som førhistorisk kulturminne automatisk freda.
Suldal	Håland	Etter innspel frå regionmusea er Håland vurdert som kulturmiljø. Håland er eit svært godt bevart gardstun frå storgarden Håland i Ryfylke. Den representerer byggeskikk i indre Ryfylke, og er i dag godt ivaretatt av Ryfylkemuseet. Særskilt er Målarstova, med innvendig dekor frå 1600-talet viktig å ta vare på, og kan vere automatisk freda etter kulturminneloven §4, og resten av bygga kan og vere aktuelle for freding etter kulturminneloven §15,. Likevel er Håland ikkje vurdert å vere eit større kulturmiljø og er difor ikkje tatt med i oversikta.
Suldal	Stampa på Kvæstad	Etter innspel frå regionmusea er stampa på Kvæstad vurdert som kulturmiljø. Stampen på Kvæstad er ein unik bygning i Rogaland, me kjenner ikkje til andre bevarte vadmelstampar i Rogaland og det er svært få stamper andre stader i landet. Stampen har klar regional interesse, og kan være aktuell for freding etter kulturminneloven §15, men den er ikkje vurdert å vere del av eit større kulturmiljø. Stampen er godt ivaretatt av Ryfylkemuseet i dag.
Vindafjord	Romsa	Romsa består av fleire øyer nord for Bjoa, og det var fleire aktive bruk her for hundre år sidan. Det er bevart einskilde hus og ein del strukturar.

Kommune	Namn	Grunngjeving
		<p>Området er eit mykje brukt friluftsområde og delar er verna som naturreservat. På Romsa er det mange interessante trekk og store friluftslivsverdiar. Fylkesdirektøren har ikkje hatt høve til å undersøke og kartlegge øylene i detalj, og føreslår å ikkje ta med Romsa i oversikta over kulturmiljø i denne omgang. Romsa vil bli undersøkt og vurdert ved neste rullering</p>